

Barn sine kjensler

Kva metodar brukar ein utebarnehage i USA i sitt arbeid med barn sine kjensler?

Ida Hollum Relling

[kandidatnummer: 4007]

**Bacheloroppgåve – Arbeid med barn i eit internasjonalt perspektiv
[BHBAC3920]**

Trondheim, mai 2018

Bacheloroppgåva er eit sjølvstendig studentarbeid gjennomført ved Dronning Mauds Minne Høgskule for Barnehagelærerutdanning og er godkjend som ein del av barnehagelærerutdanninga. Under utarbeiding av oppgåva har studenten fått rettleiing ved DMMH.



DronningMaudsMinne
HØGSKOLE FOR BARNEHAGELÆRERUTDANNING

Innholdsliste

1.0 Innleiing.....	2
1.1 Tema og probemstilling	2
1.2 Avgrensing av problemstilling.....	3
1.3 Oppbygging.....	3
2.0 Teori.....	4
2.1 Kjensle.....	4
2.1.1 På tvers av land og kultur	4
2.1.2 Affekt.....	5
2.2 Emosjonell kompetanse	5
2.3 Sjølvregulering.....	6
2.4 Sosial kompetanse og kompetanseutvikling	7
3.0 Metode	8
3.1 Val av metode	8
3.2 Planlegging av datainnsamling	9
3.3 Beskriving av gjennomføring.....	10
3.4 Analysearbeid.....	11
3.5 Metodekritikk og etiske retningslinjer	12
4.0 Funn og drøfting.....	14
4.1 Arbeid med kjensler i barnehagen.....	14
4.2 Ulike metodar i arbeidet med kjensler	15
4.2.1 Fredsbordet	16
4.2.2 Kjenslesoner	18
4.3 Utemiljøet.....	20
4.3.1 Magic-spot.....	21
5.0 Avsluttande drøfting	23
5.1 Arbeid med kjensler sett i eit kulturelt perspektiv	23
5.2 Sjølvregulering til det beste for barnet eller dei vaksne?	24
5.3 Oppsummerande avslutting.....	24
6.0 Referanseliste	26
7.0 Vedlegg	28
7.1 Intervjuguide	28
7.2 Samtykkeskjema	30

1.0 Innleiing

I Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver (2017) står det at ”Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler”. (Rammeplan for barnehagen. Innhald og oppgåver, 2017, s.11), her etter kalla «Rammeplan for barnehagen». Vidare trekk han fram korleis personalet skal støtte barna i å reflektere over egne, samt andre sine kjensler (Rammeplan for barnehagen, 2017, s.23). Rammeplanen (2017) trekk her fram viktigheita av arbeid med kjensler i barnehagen i syn av å støtte barna og deira forståing for omgrepet. Sett i lys av det Rammeplanen trekk fram, har eg sjølv opplevd eit lite fokus på dette tema i faglitteraturen på pensum gjennom mine år på dette studiet. Frå mine erfaringar i norske barnehagar, har eg heller ikkje sett eit tydeleg fokus på dette. Det er likevel eit tema som har stor viktigheit for både barn og vaksne, då kjensler ligg som ein føresetnad for mange av våre handlingar.

1.1 Tema og probemstilling

Mitt tredje og siste år på Dronning Mauds Minne Høgskule var eg så heldig å reise på utveksling i tre månadar til Seattle i USA. Desse månadane skulle vise seg å gje meg utallege opplevingar og erfaringar som prega meg meir enn eg hadde sett føre meg, og dette på ein svært positiv måte. Noko av det mest spanande med opphaldet var tida mi i praksis i ein utebarnehage i Seattle. Følgjande vil eg presentere ei praksisfortelling frå mitt opphald.

«Vi er akkurat ferdig med lunsj, og eg set saman med Malin og Anna. Tim kjem mot meg gråtande. Eg spør han kva som har skjedd. Han prøvar å fortelje meg, men han har problem med å finne ord. Anna observerer det heile og fortel at ho veit kva vi kan gjere. Ho går til ”fredsbordet”, hentar ”pusteballen” og gir den til Tim. Tim sluttar å gråte med det same han får ballen og tek den i bruk.»

Eg lot meg sterkt inspirere av barnehagen sin måte å arbeide på, og korleis dette verka inn på barna. Barnehagen var ein utandørs barnehage, men eg opplevde at dei viste og såg store moglegheiter i området rundt, som igjen viste seg som inspirerande og inviterande både for barn og vaksne. Noko av det eg set mest igjen med etter praksisperioden er barnehagen sin måte å arbeide med kjensler på. Dette viser tilbake til praksisfortellinga ovanfor. Denne

illustrerer og er eit godt eksempel på arbeidet eg såg i barnehagen, og vidare korleis dette verka inn på barna. Arbeid med kjensler var eit stort fokus under min praksisperiode, det vart arbeida med kvar dag, og barna viste stor bevisstheit rundt temaet. Eg opplevde barn som viste forståing for eigne kjensler, samt respekt og evna til å hjelpe andre med deira kjensler.

Barnehagen har inspirert meg på mange måtar, og dette vart grunnlaget for at eg ynskja å byggje dette vidare og ta det med i mi skriving av bachelor. Eg har valt å rette fokuset mot arbeid med kjensler, då dette har blitt eit tema eg har vekka ei stadig større interesse for. Eg har satt meg djupare inn i dette temaet, med utgangspunkt i barnehagen eg hadde praksis i. Gjennom mi utarbeiding av bacheloroppgåve ynskja eg å setje med nærare inn i grunnen for at barnehagen arbeidar som dei gjer. Med dette som grunnlag utforma eg ei problemstilling som rettar seg direkte mot denne barnehagen sin praksis. Problemstillinga vart følgjande:

”Kva metodar brukar ein utebarnehage i USA i sitt arbeid med barn sine kjensler?”

1.2 Avgrensing av problemstilling

Som ein ser i problemstillinga er den avgrensa til kva metodar som blir brukt i barnehagen sitt arbeid. Dette var også ein synleg del av min praksisperiode, og eg observerte og erfarte metodar eg tidlegare ikkje har sett. Med eit grunnlag der eg sjølv har tidlegare lite erfaringar knytt til eit slikt arbeid, såg eg det som svært spennande og kunne setje meg enno djupare inn i arbeidet til min valte barnehage.

1.3 Oppbygging

Oppgåva er delt inn i fem kapittel med følgjande underkapittel. Dei fem hovudkapitla er; innleiing, teori, metode, funn og drøfting, og avslutting. Kwart kapittel startar med ei kort forklaring av kva det omhandlar, for å gjere innhaldet føreseieleg for lesaren. I teoridelen vil eg presentere teori som vil vere viktige for å støtte mine funn og belyse mi problemstilling. Vidare vil eg i metodekapittelet gå nærare inn på min valte metode for mi forskning. Funn frå forskinga og vidare drøfting av denne i lys av relevant teori vil kome følgjande. Avsluttande vil eg sjå tilbake på mine funn for å sjå om eg har fått svar på mi problemstilling.

2.0 Teori

For å kunne gå nærare inn på hovudtemaet til denne bacheloroppgåva, kjensler, er det fleire tema som vidare synast som viktige og relevante for å kunne belyse mi problemstilling. Tema som har blitt synlege som viktig i denne oppgåva vil kome i følgjande kapittel.

2.1 Kjensle

Aud Fossen har tatt føre seg omgrepet kjensle og beskriv korleis det kan forståast frå to ulike meiningar. Ein kan knytte kjensler mot fysisk sansing i eigen kropp, og det sjåast som ein tilstand ein opplev av emosjonell art (Fossen, 2004, s.24). Det å ha ei forståing av kjensler er ein føresetnad for å forstå tankar. Det er vidare ein vesentleg faktor til korleis ein stiller seg i leik, samt korleis ein er i samspel med vener, foreldre og andre rundt ein. Alt her er vidare knytt vår emosjonelle væremåte (Nyeng, 2006, s. 17).

Menneske kjem til verda med eit medfødt potensiale for fleire grunnleggjande kjensler, som glede, interesse, trygghet, tilfredsheit, forbausning, sinne, avsky og frykt. Kjensler som utviklast gjennom seinare år er meir komplekse kjensler som eksempelvis misunning, sorg, skam og stoltheit. Gjennom dei to første leveåra utviklar barn eit stadig meir komplekst repertoar av kjensler, og ved ca. tre årsalderen vil dei kunne setje ord på eigne og andre sine kjensler. Faktorar som dette sjåast som ein føresetnad for både empati og sjølvrefleksjon. Dei komplekse kjenslene inneber at barnet sjølv, i forhold til standardar og reglar formidla av omgivingane, greier å vurdere si eiga åtferd. Dette kjem til syne etterkvart som hjernen utviklast og barnet blir sosialisert etter gjeldande normer og verdiar (Drugli, 2018, s.53). I arbeid med barns kjensler, trekk Størksen (2018) fram korleis det kan vere ei støtte å ta i bruk ulike materiale som kjenslekort, leik og bøker. Dette kan støtte ein i å kome nærare inn til barnet sine kjensler og opplevingar (Størksen, 2018, s.295).

2.1.1 På tvers av land og kultur

Det er gjort fleire tverrkulturelle undersøkingar som viser til at kjensler, i ulike samfunn verda over, blir vekka i likearta situasjonar og i dei same formene. Dette viser igjen at det ofte er dei same opplevingane som utløyser dei ulike kjenslene. Likevel kan det vise seg store forskjellar i form av korleis dei ulike kjenslene blir uttrykt (Fossen, 2004, s.30). May Britt Drugli (2018) støttar seg til Tetzchner (2012), som gjennom eiga forskning viser til at det er forskjellar mellom land og kultur i samhøve med barn sitt uttrykk for kjensler. Korleis barn uttrykkjer

sine kjensler vil avhenge av konteksten og kulturen barnet oppheld seg i, som vidare speglar betydinga nære omsorgspersonar har. I si forskning har han sett korleis ein i Japan tidleg lærer at ein ikkje skal vise sinne i samspel med sine omsorgsgivarar, medan det i USA er store rom for å uttrykkje denne kjensla (Drugli, 2018, s.53). Det må vidare sjåast i syn av at der kan ligge endringar innafor ein og same kultur, alt etter tidsepoke og generasjonar (Fossen, 2004, 30). Denne teorien gjer det ekstra spennande og vidare kunne drøfte dette i syn av mine funn. Eg har gjennom forskinga samla inn materiale frå USA, og set sjølv med erfaringar og opplevingar frå Noreg.

2.1.2 Affekt

Når formålet er å informere omgivnadane om korleis barnet har det, sjåast affekt som ein adaptiv, kroppsleg respons. Dette følgjer mennesket nærverande og automatisk frå fødselen av. Etterkvart som barnet sjølv utviklar evna til å setje ord på eigne opplevingar, reflektere over dei og vere seg sjølv bevisst, får det vidare ei bevisst oppleving knytt til sine kroppslege forandringar. Basch (1983) kallar denne subjektive opplevinga for kjensle (Holm, 2005, s.99).

Kjensler, både positive og negative er naturlege reaksjonar i ei rekkje situasjonar. Sentrale positive kjensler, som glede og interesse er med på å fremme barn si utvikling og noko det bør leggest mykje vekt på i pedagogisk arbeid i barnehagen. Like viktig er likevel dei negative kjenslene, som til døme sinne, fortvilning og redsel. Barn bør støttast i handtering av desse kjenslene, for å nå målet at dei på hensiktsmessige måtar skal lære seg å regulere desse kjenslene. Affektinntoning viser til foreldre, samt barnehagepersonale, som greier å lese og respondere på alle kjensler som barnet uttrykkjer (Drugli, 2018, s.54). Det er i stor del via ord at forvandlinga frå affekter til kjensler skjer. Ved å ha omgivningar som støttar barnet gjennom å setje ord på deira kroppslege reaksjonar, hjelp dei barnet til å sjølv bli bevisst på dei (Holm, 2005, s.99). Dette kan ein sjå vidare i tråd med Rammeplanen (2017) som seier at personalet i barnehagen skal gje barn positive og varierte erfaring gjennom språk som støttar barnet i å gje uttrykk for eigne kjensler (Rammeplan for barnehagen, 2017, 24).

2.2 Emosjonell kompetanse

Emosjonell kompetanse inneber tre element relatert til barnet si sosiale utvikling som vidare har stor betyding for relasjonar mellom barn og vaksne, samt relasjonar mellom barn og barn. Dei tre elementa inneber; 1: at barn sjeldan uttrykkjer negative kjensler, men ofte uttrykkjer

dei positive (kompetente uttrykk av kjensler), 2: at barn vidare er i stand til å kjenne igjen andre sine kjensler og korleis dei blir uttrykt (kompetent emosjonell kunnskap), 3: barn si evne til å regulere eigne kjensler på hensiktsmessig vis i aktuelle situasjonar (kompetente emosjonsregulering). Emosjonell kompetanse relaterast til sjølvutviklinga, og er vidare viktig for utvikling av sosial kompetanse og utvikling av relasjonar til andre menneske. Dette utviklast ikkje av seg sjølv, og krev eit barnehagepersonalet som rettar eit fokus mot kjensler i sitt arbeid, og i samspel med barna (Drugli, 2018, s.55).

2.3 Sjølvregulering

Sjølvregulering kan snakkast om innan fleire områder, men overordna handlar det om evna til tilpassa og viljestyrt åtferd for å tilpasse seg sosialt og/eller oppnå eigne mål (Størksen, 2018, s.189). Professor Stuart Shanker har gjort fleire studiar knytt til sjølvregulering og tek føre seg omgrepet gjennom eiga forskning. Grunnleggjande synast det som barnets langsiktige fysiske, psykologiske og åtferdsmessige velvære (Shanker, 2013). Det kan vere vanskeleg å klart forstå kva sjølvregulering er, og vidare kva foreldre, omsorgsgivarar og barnehagepersonalet kan gjere for å støtte barnet og deira evne til sjølvregulering. Dette gjer det spennande å sjå kva mine funn kan gi av informasjon knytt til nettopp dette.

Det er vidare ein tendens til å forveksle sjølvregulering med sjølvkontroll, som sjåast som vår indre styrke til å motstå ein impuls. Sjølvkontroll er heilt klart ei viktig evne for barn, men sett mot sjølvregulering, så representerer det ein heilt annan måte å forstå kvifor barn kan ha problem med sjølvkontroll, og enno viktigare, kva ein kan gjere for å hjelpe barnet (Shanker, 2013). I vidare skulegang kan sjølvregulering sjåast som ei viktig evne for elevar i samhøve med å ta ansvar for eiga læring, og klare å halde fokus der andre kanskje blir avleia og let seg freiste til å gjere andre ting (Hopfenbeck, 2014, s. 21). Her kan ein ofte sjå at vaksne ynskjer barn som er rolege og som leikar tillitsfullt, framfor støyande og kaotisk leik. Barn kan sete inne med mykje energi dei ikkje får utløypt fordi det stillast krav og grenser frå dei vaksne. Her stillast det vidare ein del spørsmål for kven ein gjer dette for? ”Og hvor mye ro skal en kreve av en barnekropp med en helt annen livsappetitt enn hos oss voksne?” (Kibsgaard & Sandseter, 2014, s. 67).

2.4 Sosial kompetanse og kompetanseutvikling

Rammeplanen (2017) seier at sosial kompetanse omfattar ferdigheiter, haldningar og kunnskapar ein utviklar gjennom sosialt samspel og at det er ein føresetnad for å fungere saman med andre (Rammeplan for barnehagen, 2017, s.22). Kari Lamer tek føre seg omgrepet, og korleis det kan forståast som summen av fem ulike delområder; Empati og rolletaking, Prososial åtferd, Sjølvkontroll, Sjølvhevding, Leik, glede og humor. Alle desse delområda er sentrale for å utvikle ein heilheitleg og god sosial kompetanse (Lamer, 2014, s.20).

Sosial kompetanse synast her som eit omfattande omgrep, med ei vid forståing.

Gjennomgåande vektleggast det som evna til å meistre og lukkast i samspel med andre. Å utvikle sosial kompetanse skjer ikkje av seg sjølv, og utviklast kontinuerlig gjennom daglege opplevingar og handlingar (Lamer, 2014, s.20).

Lamer tek føre seg viktigheita av barnehagen når barn utviklar sin sosiale kompetanse, og at grunnlaget tileignast i tidleg barnehagealder. I barnehagekvardagen lærar barn å stille seg til andre gjennom samspel og leik, og etterkvart utviklar dei evna til å kjenne igjen normer for samhandling i ulike situasjonar. I barnehagen tileignar barn viktige sosiale haldningar og handlingar i situasjonar som dei dagleg møter igjen og igjen (Lamer, 2014, s.12). Barnehagen synast her som ein viktig arena for sosial kompetanseutvikling.

Ein kan sjå læring og utvikling i ein kontinuering prosess, med ei drivkraft som speglast ut i sampelet mellom barnet og omgivnadane der barna sjølv er medverkande og skapande i egne læringsprosessar. Gjennom daglege opplevingar og handlingar utviklast kontinuering den sosiale kompetansen. Lamer presiserer at ”Gjennom handlinger i sitt nære miljø merker barna at det er en viss kontinuitet og et mønster i tilværelsen. Og slike mønstre som gjentar seg i de hverdagslige hendelsene, utgjør byggesteinene i deres forståelse av sin omverden” (Lamer, 2014, s.39). I stor grad bør ein i barnehagen knytte utvikling av barn si sosial kompetanse til den erfarte sosiale konteksten dei oppheld seg i, då det er nettopp her barna prøvar og lærer. ”Det som dominerer i hverdagen, vil også dominere de verdier, holdninger og handlinger barna utvikler” (Lamer, 2014, s.39).

3.0 Metode

Metode kan innan det samfunnsvitskaplege beskrivast som ein veg som fører til eit bestemt mål, i ein prosess der ein samlar inn, analyserar og tolkar data (Johannesen, Tufte & Christoffersen, 2010, s.4). Innan den samfunnsvitskaplege metoden er det i hovudsak to retningar ein vel mellom, kvalitativ og kvantitativ metode. Kvalitativ er særleg hensiktsmessig om ein ynskjer å forske nærare på noko ein ikkje har mykje forkunnskap om, der ein ynskjer å gå i djupna på det ein forskar på. Kvantitativ metode handlar i større grad om å talfeste og måle meiningar og opplevingar, ofte i form av spørjeundersøkingar (Johannesen, Tufte & Christoffersen, 2010, s.7). Følgjande vil eg kome nærare inn på valt metode for å svare på mi problemstilling: Kva metodar brukar ein utebarnehage i USA i sitt arbeid med barn sine kjensler?

3.1 Val av metode

Mi problemstilling rettar seg direkte mot ein bestemt barnehage sin praksis, der eg ønska å gå djupare i eit spesifikt område av deira arbeid. Gjennom bruk av ein kvalitativ metode i mi forskning, gav dette moglegheita for å nettopp kunne setje meg enno meir inn i barnehagens praksis og få fylldig data til tanken bak deira arbeid frå dei som arbeider og styrer i barnehagen. Bruk av kvalitativ metode opnar for nærare kontakt med informant og deretter eit grunnlag for fordjuping i dei sosiale fenomena ein studerer. Eg ynskja nær kontakt med barnehagen, og såg derfor den kvalitative forskingsmetoden intervju som beste måte å få svar på mi problemstilling (Thagaard, 2013, s.11). Intervju kan sjåast som den vanlegaste metoden innan kvalitativ forskning, og eignar seg godt når ein ynskjer å nå nærare til informant.

Ettersom barnehagen ikkje finn stad i Noreg, stilte dette noko større krav til gjennomføring av intervju. Beste måten for meg å få informasjonen eg trengte var å snakke med barnehagen i USA. Dette ynskja eg å gjere gjennom intervju, og ikkje over e-post. Dette fordi eg ville ha moglegheita til å kunne kome med oppfølgingsspørsmål, og vidareføre eventuelle tema som kunne kome opp undervegs. Dette kravde at informantar var villig til å stille på eit intervju over internett. Ein annan faktor som spelte inn var tidsforskjellane mellom Noreg og USA. Her var eg tydeleg og bevisst på at intervjutidspunktet skulle basere seg på når det passa for informant. Spørsmåla og intervjuet måtte naturleg nok gå føre seg på engelsk, og det var nødvendig å ta opptak av samtalen.

Problemstillinga mi fortel at eg bør rette meg mot personalet i barnehagen for å få best mogleg svar, noko eit kvalitativt forskingsintervju vil opne for. Under utforming av intervjuguiden ynskja eg å ta utgangspunkt i nokre av tema frå teorikapittelet. I hovudsak utforma eg spørsmål knytt til tema om kjensler, men vidare under dette, kom ulike undertema. Eg hadde ei form for delvis strukturert intervjuguide, der eg tok utgangspunkt i tema som eg stilte spørsmål ut frå. Tema for samtalen var satt på førehand med underspørsmål som eg ynskja svar på knytt til kvar av tema. Kjenneteiknande for ei delvis strukturert tilnærming er mellom anna at rekkefølga for tema ikkje er fastsett og vil bestemmast undervegs i intervjuet (Thagaard, 2013, s.98). Dette var eg sjølv godt bevisst på.

3.2 Planlegging av datainnsamling

Intervjuguiden vart først utforma på norsk for å formulere godt gjennomtenkte spørsmål rundt det eg ynskja av informasjon (sjå vedlegg 1). Eg la vekt på å utforme spørsmål som skulle invitere informant til refleksjon rundt tema, der det opna seg opp for vidare fyldig informasjon knytt til problemstillinga mi. Viktig i utforming av intervjuguide er å heile tida ha problemstillinga i bakhald, då det er denne ein ynskjer svar på (Thagaard, 2013, s.100). Eg brukte god tid på, i samhandling med rettleiarar, til å tenkje kva tema som var relevante å gå djupare i. Etterkvart som intervjuguiden vart ferdig og godkjent, gjorde eg meg godt kjent med den, for å sjølv vere trygg på innhaldet i den før den vidare vart oversett til engelsk. Ettersom mitt intervju ville gå føre seg med ein barnehage i USA, måtte det naturleg nok gjennomførast på engelsk. Viktigheita av å kjenne innhaldet i intervjuguiden godt før sjølve intervjuet, er mellom anna at den ikkje nødvendigvis blir følgt slik den er satt opp. Dette baserer seg på kva informant kjem med av informasjon, og kva som vil vere naturleg å fortsette med etter dei ulike spørsmåla. Det kan også kome fram ting undervegs som kan bli naturleg å spørje vidare om, og oppfølgingsspørsmål kan bli nødvendig. Hensikta med dette er å gå enno nærare i detalj på det informant legg fram av informasjon som eg kan sjå som relevant for vidare arbeid med problemstillinga (Thagaard, 2013, s.101). Eg brukte derfor god tid på å bli kjend med innhaldet i intervjuguiden for å ikkje måtte låse meg til den, men likevel kjenne innhaldet godt.

Barnehagen eg ynskja å fordjupe meg i var ein tidlegare praksisbarnehage, og eg hadde derfor allereie kontakt med han. Eg hadde kjennskap til dei som arbeida der, og tok kontakt med dei eg såg som relevante og gode informantar. Kontakta gjekk føre seg på e-post, og eg forklarte

godt situasjonen og kva eg ynskja for mitt arbeid. Eg valte å intervjuje både styrar i barnehagen, samt pedagogisk leiar på eine avdelinga. Grunnlaget for val av informantar ligg ved at eg ynskja synet og tankane frå styraren, som er ein av dei som er grunnleggjaren av, og som var med å starte opp denne utebarnehagen. Eg såg føre meg at eg her kunne få gode, reflekterte tankar rundt grunnlaget for deira praksis. Ettersom ho er styrar, set ho bak mykje av grunnlaget for barnehagen sitt arbeid og kvifor dei utøvar den praksisen dei gjer. For henne har kjensler har vore eit tema som har følgt henne i lang tid, og deretter ført det til ein sentral og viktig del av praksisen. Andre informant, pedagogisk leiar, set i barnehagen med eit ansvar for planlegging av aktivitetar på si avdeling, og dermed såg eg også dette som ein god og viktig informant å ha med i forskinga. Ho hadde inga tidlegare erfaringar på eit tydeleg arbeid med barn sine kjensler, men har gode erfaringar frå denne barnehagen. Saman såg eg føre meg at desse ville gje meg fylldig og god informasjon knytt til mi problemstilling. I vidare arbeid med funn har eg valt å gje mine utvalte informantar fiktive namn for å lettare referere til resultat frå mi kvalitative forsking gjennom intervju. Første informant, styraren, har fått namnet Line, og andre informant, pedagogisk leiar, namnet Eva. Under mine funn viser eg til fleire sitat direkte frå mine informantar. Desse er oversett frå mi engelske transkribering direkte over til norsk. Ved eventuelle usikkerheiter har eg her støtta meg til rettleiar.

3.3 Beskriving av gjennomføring

Intervjuet gjekk føre seg over internett. Både eg og informant hadde kamera, som gjorde samtalen så levande som mogleg med tanke på utgangspunktet og faktumet at vi ikkje kunne møtast. På førehand hadde eg hatt god dialog med begge informantar over e-post. Begge hadde fått god forklaring på kva bacheloroppgåva mi dreidde seg om, kvifor eg ynskja deira deltaking og kva verdi den hadde for mitt arbeid. Begge fekk også tilsendt samtykkeskjema som dei signerte og sendte tilbake til meg.

I forkant hadde eg prøvd ut programmet eg gjennomførte intervjuet i for å vere sikker på at eg visste korleis det fungerte, og for at alt skulle vere i orden. Eg hadde også testa ut opptakar for å vere sikker på at det skulle gå fint å ta opptak av lyd. Begge informantar kopla seg lett til samtalen, det fungerte godt, og eg opplevde god kvalitet. Tidsforskjellar var ein faktor som spelte inn, som førte til at eine intervjuet føregjekk på tidleg kveld, medan det andre var relativt seint. Dette var eg sjølv sagt godt førebudd på, og det hadde inga innverknad på min konsentrasjon. Eg merka i begge intervjuar at tema raskt engasjerte begge informantar.

Intervjua vart tekne opp, for at det skulle vere mogleg for meg å få med meg alt og for seinare kunne gå tilbake og leggje merke til eventuelle detaljar som eg under sjølve intervjuet ikkje fekk med meg. Under intervjuet hadde eg eit større fokus på å lytte til informant, og vere observant, interessert og lyttande. Eg tok difor ikkje mange notatar, og støtta meg i etterkant til opptaket. På førehand hadde eg fått samtykke frå begge informantar til å ta opptak, og gjorde det klart at det var heilt anonymt og ville bli sletta i ettertid. Dette er ein føresetnad for å kunne ta opptak av eit intervju, og ikkje minst viktig for tillit mellom forskar og informant (Thagaard, 2013, s.112).

Mi rolle under intervjuet var i hovudsak å vere ein anerkjennande forskar ved stille spørsmål, for så å la informant styre retninga på svaret. Under intervjuet hadde eg intervjuguiden liggande ved meg. Den var som tidlegare nemnd inndelt i ulike tema med fleire underspørsmål. Den vart, som tenkt, ikkje følgt slik den var sett opp. Eg baserte retninga av samtalen på kva informant kom med av svar, og leda samtalen vidare ut frå dette. Fleire av spørsmåla som var sett opp i intervjuguiden vart svart på etterkvart som informant snakka, og eg førte samtalen mellom oss der etter, og stilte spørsmål som vart naturleg å følgje opp med. Undervegs dukka det også opp nokre svar eg ønska å høyre meir om, som eg stilte oppfølgingsspørsmål til etterkvart som det kom opp. Eg opplevde god flyt i samtalen mellom meg og informant, der informant hadde den største rolla og hadde mykje å fortelje.

3.4 Analysearbeid

Som nemnd valte eg å støtte meg til opptakar under intervjuet. I etterkant av kvar av intervjua lytta eg på opptaka, og transkriberte ned funna. Etersom intervjuet føregjekk på engelsk, valte eg for eigen del å transkribere alt på engelsk, før eg i etterkant omsette til norsk igjen. Ved omsettingar eg var usikker på, støtta eg meg til rettleiar for å vere sikker på at eg hadde riktig forståing. Jamt opplevde eg ei god forståing av det engelske innhaldet, og ser meg sjølv som trygg på dette språket, spesielt etter eige utanlandsopphald. Medan eg las gjennom funn, såg eg raskt fleire hovudkategoriar som kom tydeleg fram i begge intervju. Dette vart grunnlag for kategoriar for vidare koding. Eg jobba mykje med å lese grundig gjennom begge intervju, og såg raskt mange samanhengar. Tema som vart grunnlaget for kodinga var Arbeid med kjensler i barnehagen, Hjelpverktøy, og Typisk amerikansk. Desse vart grunnlaget for prosessen vidare.

3.5 Metodekritikk og etiske retningslinjer

Når ein skal samle inn informasjon om personar sine meiningar og perspektiv, er det viktig med ei gjensidig tillit. Informasjonen må kome frå personen sjølv, og då er det fleire ting ein må tenkje på og som er viktig for å oppnå ei ynskja tillit. På førehand utarbeida eg eit informert samtykke som vart sendt til begge informantar (sjå vedlegg 2). Her tok eg føre meg kva bacheloroppgåva mi omhandla, og kvifor deira deltaking var verdifull for mi forskning. I samtykket tok eg føre meg korleis eg ville ta vare på deira anonymitet, og at det ikkje ville vere mogleg å spore tilbake til eventuelle personelege data. Vidare gjorde eg informant merksam på mi teieplikt, og at dette var informasjon berre eg skulle behandle. Før gjennomføring av intervju sikra eg meg at begge informantar hadde forstått innhaldet (Dalland, 2013, s.166). I samhøve med forskingsetiske retningslinjer har informanten rett til sjølvråd og autonomi og skal kunne bestemme over eiga deltaking. Gjennom det informerte samtykke kunne informant på kva som helst tidspunkt trekkje seg frå oppgåva utan nødvendig grunngeving (Johannesen, Tufte & Christoffersen, 2010, s.33).

Kvalitativ forskning vurderast i forhold til truverdigheit. Ein tek føre seg reliabiliteten, som ser på pålitelegheit og nøyaktigheit i forhold til intervjuet (Thaagard, 2013, s.202). I mitt intervju tok eg i bruk opptakar av god kvalitet, som er med på å styrke reliabiliteten. Eg hadde prøvd den ut på førehand, og var sikker på at den var i god stand. Eg transkriberte i kort tid etter intervjuet, og fekk dermed med alt som kom av viktig informasjon som frå informant. I omsetting frå engelsk til norsk har eg støtta med til rettleiarar om det skulle oppstå usikkerheit, då eg ynskja å vere sikker på rett forståing av omgrep og setningar. I tillegg har eg gjennom heile oppgåva vist til sitat frå mine informantar, for at lesar skal kunne vurdere mine tolkingar.

Validiteten av oppgåva knytt seg til gyldigheit og relevans til det du har skrive, og om kunnskapen er truverdig (Dalland, 2012 s.52). Det viktige å huske i denne forskinga er at det vil ikkje kunne fortelje om korleis alle barnehagar i USA arbeider med kjensler, då eg har valt å ta føre meg ein bestemt barnehage sin praksis. Eg har gjennom denne oppgåva ynskja å sette meg nærare inn i ein bestemt måte ein kan arbeide på, og det kan dermed ikkje sjåast som ein standard for amerikanske barnehagar. Under gjennomgang av funn og koding, oppdaga eg rask kva som var den mest synlege informasjonen og kva som stakk seg mest ut. Før intervjuet hadde eg ei problemstilling som stilte spørsmål til grunngeving over praksisen til den valte barnehagen. Etter å ha gått gjennom funn, vart denne endra då fokuset i begge

intervju i større grad retta seg mot kva hjelpemiddel og metodar barnehagen tek i bruk i sitt arbeid. Dette førte til endring i problemstilling, som vidare aukar validiteten over bacheloroppgåva.

Ettersom eg valte ei problemstilling direkte knytt til barnehagen eg hadde praksis i, falt det seg vidare naturleg å intervju dei som arbeida i denne barnehagen. Naturleg blir det då eit intervju med nokon eg allereie kjenner, og dette jobba eg ein del med før sjølv intervjuet for å gjere meg bevisst på det. Eg var sjølv klar over at dette var eit tema eg var svært interessert i og nysgjerrig på, men eg visste også godt at det var på grunn av denne barnehagen eg hadde bygd opp denne interessa. Det kan vere grunn til å stille seg skeptisk til å intervju nokon ein allereie kjenner, då det kan vere vanskelegare å stille nøytral til tema under intervjuet samt å ha ein distanse til tema. Dette var eg sjølv godt klar over og bevisst på både under utforming av intervjuguide, under sjølv intervjuet og vidare i arbeid med funn.

Ein kan likevel sjå mange positive sider ved å kjenne informant. Thagaard tek føre seg korleis kjennskap til miljøet ein forskar innan kan bidra til å redusere den sosiale avstanden mellom informant og forskar, og at det her har ei betydning korleis forskar trår fram på (Thagaard, 2013, s.114). I mitt tilfelle har eg sjølv vore i denne barnehagen, og har dermed eit grunnlag gjennom erfaringar og observasjonar. Med dette i bakhald kunne eg stille spørsmål vidare ut frå det eg sjølv har sett, og få eit nærare innblikk og tankar rundt det. Eg brukte mine forkunnskapar til å fordjupe meg i tema, og såg det som ei støtte og ein ressurs. Mine kjennskapar til feltet eg utførte mi forskning på er vidare med på å styrke validiteten ved å hindre eventuelle misforståingar og sikre relevant informasjon knytt til mi problemstilling.

Funn og drøfting frå forkinga vil bli presentert i følgjande kapittel.

4.0 Funn og drøfting

Som tidlegare nemnd har eg valt å gje mine informantar fiktive namn. Informant 1, styrar, har fått namnet Line. Informant 2, pedagogisk leiar, har fått namnet Eva. Funna vil bli presentert etter kategoriar som kom fram som eit resultat etter tematisert analyse. For kvar av tema blir det presentert funn som etterfølgjande blir drøfta i lys av relevant teori.

4.1 Arbeid med kjensler i barnehagen

«Vi lærer ofte om kjensler, men ikkje kva ei kjensle eigentelg er» (Line).

Det kom tydeleg fram i intervju med begge informantar at det var viktig å arbeide med kjensler i barnehagen. Line fortel at ho ofte opplev at det arbeidast for å passe inn barn til ein tenkt idé, og dersom barnet ikkje passar til denne ideen vil det ikkje passe inn i barnehagen. Dette har vore ein inspirerende faktor for Line. Ho fortel vidare at ideen bak praksisen til barnehagen rettast mot observasjon av barnegruppa med fokus på det unike forholdet mellom barna, lærarane og miljøet. Dette sett i ein samanheng med ikkje berre dei naturlege omgivnadane, men og deira sosiale omgivingar, familieopplevingar, tradisjonar, samt deira kulturelle og historiske bakgrunn. Ho kan fortelje at dei i barnehagen har barn frå alderen 3 til 5 år.

Barnehagen er ein utebarnehage, og dette trekk Line fram som ein viktig faktor som blir teke grundig med i arbeid med utvikling av deira plan for arbeid med kjensler. Ho fortel vidare at dei har utvikla ei sesongbasert tilnærming til arbeidet deira. Fokuset den første tida er å lære barna eit fundament av kjenslebevisstheit for å gje dei språket til å kunne snakke om heilt grunnleggjande kjensler. Ho forklarar korleis det er med på å støtte barna til å tilpasse seg til både det fysiske og det sosiale rommet. Line fortel at dei i denne perioden arbeidar dei med å utvikle den sosiale bevisstheita til barna, samt lære dei å identifisere korleis dei kjenner seg fysisk og psykisk. Dei lærer å kjenne eigne kjensler, samt deira kjensler saman med deira fysiske og psykiske behov. Ho fortel vidare at dei ut over sein haust/tidleg vinter fokuserer dei vidare på dei sosiale konseptane dei begynte på i starten av året, med eit større fokus på kva dei kan gjere for å ta vare på kroppane sine. I tillegg her startar lærarane å lære bort metodar som hjelper barna til å ta i bruk hjelpeverktøy og strategiar for å få deira behov møtt.

«Det kan vere så grunnleggjande ting som å drikke vatn når ein kjenner seg tørst, eller regulere mengde klede etter været og om ein er kald eller varm» (Line).

Drøfting:

Eg opplev Line sitt første sitat som eit godt eksempel på viktigheita arbeid med kjensler har for barnehagen. Ho fortel korleis dei arbeider for å utvikle barna si sosiale bevisstheit som skal hjelpe barna å tilpasse seg både det sosiale og fysiske rommet. Ein måte å forstå dette på kan sjåast i lys av teorien til Nyeng (2006) som trekk kjensler fram som ein vesentleg faktor for mellom anna samspel med foreldre, vener og andre rundt ein (Nyeng, 2006). Når eg tolkar dette, kan eg anta at barnehagen si tilnærming til arbeid med kjensler rettar seg som ei grunnleggjande og vesentleg evne dei ynskjer at barna skal oppnå.

Ut frå det begge informantar trekk fram opplev eg at barnehagen arbeider tydeleg med ei gjennomtenkt tilnærming til arbeidet, som dei utviklar etterkvart som barna oppnår ei større forståing for kjensler. Dette viser til Holm (2005) som forklarar korleis utviklinga frå affekt til kjensle skjer i støtte av omgivnadar som ser barnet sitt uttrykk for kjensler (Holm, 2005). Teorien tek vidare føre seg korleis barn i dei første leveåra utviklar eit stadig meir komplekst repertoar av kjensler, her i samsvar og støtte med normer og reglar frå omgivnadane og omsorgsgivarar (Drugli, 2018). Eg tolkar barnehagen sitt arbeid som eit godt eksempel i støtte med barnet si utvikling. I syn av Line sitt andre sitat, kan ein sjå at dei fokuserer på heilt grunnleggjande behov og kjensler, og vidare støttar barnet i å ta hand om desse kjenslene.

4.2 Ulike metodar i arbeidet med kjensler

Begge vektlegg at arbeid med kjensler handlar om meir enn å lære kva ein kjenner kjenslemessig.

«Det handlar også om å lære korleis vi navigerer sosiale situasjonar og korleis vi utviklar kognitive strategiar for å hjelpe oss å møte våre behov» (Line).

Vidare trekk Eva fram verdien dette har for enkeltbarna i barnegruppa for å kjenne mestring i barnehagen, og på lang sikt som vaksen. Gjennom å tileigne gode vanar i ung alder vil det kunne bidra til å gjere det lettare å handtere store og vanskelege kjensler som vaksen.

Barnehagen tek i bruk ei rekkje verktøy i sitt arbeid med kjensler. Line fortel at verktøya støttar både pedagogane samt barna, og skal vere strategiar som er meint for sjølvbehag. Her rettar dei mykje fokus mot aktivitetar og hjelpemiddel som skal gje barna rolegare kroppar.

Drøfting:

Barnehagen gir uttrykk for at dei legg vekt på at barna mellom anna skal oppnå gode vanar, sjølvbehag og rolege kroppar. Eg tolkar det som at barnehagen rettar eit fokus mot at barna skal ha rolege kroppar og vere fokuserte, og at det kan bli sett på som det forventa nivået å liggje på. På ei side kan ein her spørje seg om barnehagen sitt arbeid er ei form for disiplinering der dei ynskjer å oppdra barna til å oppføre seg på eit bestemt vis. Kan det vere eit ynskje frå barnehagen om at barna skal lære dette i forhold til skulestart? Ynskjer dei vaksne meir ro i barnehagen? Eller er dette noko som faktisk er til barnet sitt beste?

Hopfenbeck (2014) påpeikar i sin teori at ein i skulesamanheng ser på sjølvregulerte elevar som elevar som tek ansvar for eiga læring og kjenner strategiar for å få dette til utan å la seg freiste og avleie av andre ting (Hopfenbeck, 2014). Her kan evna til å vere roleg og konsentrert sjåast som sentral. Det er eit stadig spørsmål om viktigheita av å førebu barna på overgangen frå barnehage til skule, og kor sterkt dette skal fokuserast på i barnehagen. Når eg tolkar det ovannevnte kan ein spørje seg om det er nettopp dette barnehagen ynskjer, at barna skal innarbeide gode vanar som vil gjere det lettare for dei når dei seinare går inn i skulen?

Om ein ser det på ei anna side kan ein sjå barnehagen sitt arbeid som ei støtte for mellom anna barnet si utvikling av emosjonell kompetanse. I tråd med teorien rettast dette mot barnet si forståing for eigne kjensler, og vidare for utvikling av sosial kompetanse og relasjonar til andre menneske (Drugli, 2018, s.55). I syn av det informantane fortel, arbeidar dei for at barna skal sette igjen med evna til å forså sine eigne kjensler, og vidare korleis å ha hand om dei. Dette kan vidare sjåast som svært viktige eigenskapar for barnet si evne til sosiale samspel.

4.2.1 Fredsbordet

Ein sentral del av arbeidet til barnehagen med kjensler, er det dei kallar "fredsbordet". På dette bordet finn ein fleire verktøy som ligg synleg og tilgjengeleg for barna til ei kvar tid. Der ligg verktøy som barna kan ta i bruk om dei kjenner seg opprørt, som kan hjelpe dei med mellom anna djupe pust og roe dei. På dette bordet finn ein mellom anna ulike kjenslekort. Dette er kort med forskjellige ansikt som uttrykkjer ulike kjensler og kva kjensler ein kan føle. Ved sidan av desse korta står ein spegel.

«For barn som framleis sliter med å identifisere korleis dei kjenner seg kjenslemessig kan kjenslekorta og spegelen hjelpe dei å sjå sine eigne uttrykk i forhold til bileta for å sjå kva dei kjenner» (Line).

Begge informantar fortel vidare om eit verktøy som dei ser på som eit av dei viktigaste og mest brukte. Dette er det dei kallar for ”fredsrosa”. Dei beskriv det som eit konkret objekt, ei rose, som brukast i konflikhtar mellom barna. Eva fortel korleis ho ser barna ta denne i bruk kvar einaste dag, og at det er eit hjelpemiddel som lar barna løyse egne problem og konflikhtar med kvarandre gjennom å forklare korleis dei kjenner seg. Line påpeikar at når vaksne sjølv kjem inn og tek over eventuelle konflikhtar så kan det ta frå barna litt av deira læring. Ved bruk av denne rosa får kvar av barna som er involverte i den aktuelle konflikten, fortelje sine tankar knytt til situasjonen når dei held rosa. Eva fortel korleis dei som ikkje held rosa får øve seg på å lytte og forstå andre sine tankar knytt til same situasjon. Dei fortel korleis rosa går på rundgang til alle barn har sagt sine tankar, og når konflikten blir sett som løyst erklærer dei fred seg i mellom. Rosa blir så sett tilbake til ”fredsbordet”, kvar den står tilgjengeleg til ei kvar tid.

Informantane fortel også om andre verktøy som ligg på fredsbordet. Det er ulike konkrete objekt, som timeglas med ulike fargar og glitter, samt steinar med ulike mønster. Eva fortel at desse verktøya i hovudsak er for barn som har svært høg energi og treng hjelp til å roe kropp og sinn. Ho beskriv det som heilt konkrete gjenstandar som barna kan sjå og kjenne på. Ho seier at barna får her ta i bruk konkrete hjelpemiddel som hjelp dei å roe seg ned, og dei ligg tilgjengeleg og synleg i barnehagen til ei kvar tid. Objektet let barna ha noko å rette fokuset mot, noko å konsentrere på, og kan deretter roe seg. Dei fortel også om det dei kallar for ”pusteballen”, som er ein ball ein kan trekkje ut og inn, her meint for å hjelpe dei å ta djupe pust når dei føler seg opprørt.

«Når ein trekkjer ballen ut tek ein djupe pust inn, og når ein ballen inn igjen, pustar ein sjølv ut» (Eva).

Drøfting:

Det Line fortel om kjenslekorta, kan ein igjen sjå i tråd med Størksen (2018). I sin teori påpeikar ho korleis mellom anna kjenslekort kan støtte ein i å kome nærare inn til barnet sine kjensler, og deretter støtte det frå sine føresetnader (Størksen, 2018). Eg tolkar dette som eit

godt eksempel på arbeid som støttar barna i å bli bevisste på eigne kjensler. Dette kan ein vidare sjå i tråd med Drugli (2018) som tek føre seg barnet sin komponent emosjonelle kunnskap, og korleis dette viser til at barnet er i stand til å kjenne igjen eigne kjensler og korleis den blir uttrykt (Drugli, 2018).

Barnehagen sin bruk av fredsrosa kan ein tolke som eit konkret objekt som skal støtte barna i å ta hand om eigne konflikhtar. Her blir barna sett i ein situasjon der dei i samspel med andre skal kome til ei einigheit. Ut i frå måten informant fortel om denne rosa, tolkar eg det som at den blir ein indikator og tar plassen frå vaksne frå å skulle fortelje korleis dei skal gjere det og kva dei skal seie. Barna lærer at når dei har eit problem så kan dei sjølv løyse det og saman kome til ei einigheit. Her støttast barna til å bli sjølvstendige og vidare til utvikling av eiga sjølvregulering. Dette kan ein sjå i tråd med Shanker (2013) som trekk fram korleis dette mellom anna hjelp barnet si åtferdsmessige velvære, og evne til å kontrollere eigne kjensler slik at dei ikkje tek kontroll over ein sjølv (Shanker, 2013). Vidare kan ein ut frå det Lamer (2014) viser til i sin teori også sjå korleis barna, gjennom bruk av fredsrosen, støttast i si sosiale kompetanseutvikling. Lamer påpeikar i sin teori korleis barn lærer i samspel med andre og deretter utviklar evna til sosial kompetanse (Lamer, 2014). Eg ser dette i tråd med fredsrosa, då barn blir satt i ein situasjon dei skal løyse i samspel med andre. I tråd med litteraturen er kjensler også ein viktig faktor for forståing av sosiale samspel (Nyeng, 2006).

Ut frå det informantar fortel om dei konkrete verktøya kan ein på ei side stille spørsmål til om nokre av hjelpemiddela kan ta frå barnet fokuset på kvifor dei kanskje kjenner på den aktuelle kjensla. Blir det en distraksjon? Er det dette ein ynskjer? Pusteballen, timeglasa og dei andre ulike konkrete objekta blir av begge informantar beskrive som hjelpemiddel som skal få barna til å roe ned. Ut frå dette tolkar eg det som konkrete objekt barna støttar seg til når dei har høg energi eller kjenner seg lei seg. Er dette er god måte å jobbe med eigne kjensler? I syn av Størksen (2018) kan konkrete objekt vere ei støtte for barn i å få større forståing for sine kjensler (Størksen, 2018). Ein kan dermed på ei anna side tolke hjelpemidla som ein måte å stryke barnet si evne til å sjølv ta hand om eigne kjensler.

4.2.2 Kjenslesoner

Eva kan fortelje at det over fredsbordet heng ei oversikt over fire forskjellige soner av kjensler, som det snakkast om i barnehagen gjennom deira arbeid. Sonene er delt inn i fire

ulike fargar, som representerer ulike kjensler. Dei fire fargane er blå, grøn, gul og raud. Blå representerer kjensler som trøyt, lei seg, og kjensla av å kjede seg. Grøn beskriv dei som den ideale kjensla, og den ein er i når ein har ein roleg kropp, er glad, og kjenner seg fokusert. Eva fortel vidare at når ein er i gul sone kan ein kjenne på stress, frustrasjon, ha mykje energi, eller kjenne på frykt. Raud sone viser til sinne, panikk, og sona ein er i når om ein er ute av kontroll.

«Kjenslesonene hjelper barna å kjenne igjen kva område dei er i og kva kjensler som er i dei ulike sonene» (Eva).

Eva fortel korleis dette bidreg til å kunne snakke om ulike kjensler på ein praktisk måte framfor at barna skal kjenne skam over å kjenne seg ein viss måte. Det brukast for å snakke om at det er greitt å kjenne seg slik dei gjer i staden for å bli sur på dei eller å skamme dei over det. Eva fortel at dei har jobba mykje med kvar av dei fire sonene, og kva kjensler som ligg til kvar av fargane. Ho fortel korleis dei har presentert dei ulike sonene både gjennom lærarane i samlingar, gjennom bruk av handdokker som representerer dei ulike sonene, men også gjennom skodespel der barna sjølv får spele ut ulike kjensler. Dei har hatt eigne veker der dei har retta fokuset mot ein bestemt farge i kjenslesonene, og jobba for å styrke barna si forståing av ulike kjensler innan kvar av sonene.

«I arbeidet med kjenslesonene har barna sjølv fått vere deltakande. Vi har hatt skodespel der barna sjølv har fått vere skodespelarar og publikum til kvarandre. Her har barna kvar sine gongar fått velje ei kjensle den ynskjer å presentere, og dei andre barna har prøvd å gjette kva kjensle som bli spelt ut. Dei har vidare fått utfordring på kva sone den aktuelle kjensla tilhøyrar. Her har barna vist stor forståing for dei ulike sonene og tilhøyrande kjensler» (Eva).

Drøfting:

Omgivadar som kan støtte barnet gjennom deira kroppslege reaksjonar er nødvendig for at dei sjølv skal bli bevisst på eigne reaksjonar. For å utvikle forståing for kjensler, og greier å setje ord på eigne opplevingar er det viktig med affektinntoning frå dei vaksne rundt (Drugli, 2018). I syn av denne teorien kan ein sjå korleis barnehagen arbeider på ein god måte med å presentere ulike soner som barna lærer seg å bli bevisste på. Sonene heng synleg i barnehagen sitt rom og kan støtte barna i å kjenne igjen ulike kjensler, samt gjere det lettare relatere det til eigne kroppslege reaksjonar. Eva fortel spesielt korleis dei arbeider for å snakke opent om

ulike kjensler ein kan kjenne på, og setje ord på desse. Eg vil vidare knytte dette til Holm (2005) sin teori om affekt, då eg opplev det som eit godt eksempel på arbeid med nettopp dette. I syn av Holm sin teori tolkar eg at barnehagen si synleggjering av kjenslesonene, visast som ein støttande omgivnad som hjelp barna å setje ord på deira kroppslege reaksjonar (Holm, 2005).

I syn av barnehagen sitt arbeid med kjenslesonene kan ein sjå fleire sider som kan bidra til å styrke barnet si sjølvregulering. I støtte med Shanker (2013) si forskning, som viktigjer verdien av omsorgsgivarar som kjenner måtar å støtte barnet i utviklinga av sjølvregulering, arbeidar barnehagen her for å utvikle strategiar som skal hjelpe barna (Shanker, 2013). Kjenslesonene synast som konkrete metodar for barna å støtte seg til i utvikling av eiga forståing for kjensler. I syn av teorien er det gjennom dei første leveåra at barn stadig utviklar eit meir komplekst repertoar av kjensler, og eg tolkar barnehagens bruk av kjenslesonene som ein konkret måte å støtte barna (Drugli, 2018).

Ein kan vidare anta at kjenslesonene kan bidra til barnets emosjonelle kompetanse. I lys av teorien handlar det om evna til å kjenne igjen eigne og andre sine kjensler, og vidare korleis ein kan regulere sine kjensler på ein hensiktsmessig måte (Drugli, 2018). Dette ser eg i tråd med det Eva fortel i intervjuet, og korleis dei ynskjer at sonene skal hjelpe barna å kjenne igjen kva område dei er i, og kva kjensle som ligg der. Ein kan også støtte dette opp mot barnet si deltaking i dette arbeidet, der dei har blitt utfordra i å spele ut ulike kjensler for kvarandre, for så å setje ord på det dei ser.

4.3 Utemiljøet

Som utebarnehage ynskjer dei å bruke området for det det er verdt. Dei har prøvd ei rekkje ulike aktivitetar som begge informantar beskriv i intervjuet. Mellom anna har dei i ein lengre periode starta kvar morgon med yoga, med enkle øvingar alle barna får til å gjennomføre. Yoga bli presentert som ein metode å ta i bruk om ein har mykje energi eller kjenner seg opprørt, her spesielt retta mot den gule og røde sonen.

«Vi tek i bruk yoga for å lære å slappe av med djupe pust» (Eva).

Vidare fortel Eva om aktivitetar som Tai Chi, samt ulike kunstaktivitetar til musikk. Alle desse aktivitetane har føregått i naturen, noko begge informantar vektlegg som ein stor ressurs. Omgivnadane er i seg sjølv noko begge fortel om som eit hjelpemiddel for å gje rolege kroppar og bli meir fokusert. Dette er også formålet med både yoga, Tai Chi og kunstaktivitetane til musikk. I kunstaktivitetane har dei teke i bruk naturmateriale som blad, pinnar og kongler som målekostar, og barna har fått forme bilete i tråd med musikk og naturomgivnadane.

Drøfting:

Både yoga, Tai Chi og kunstaktivitetane blir av informantane beskrive som ein metode ta i bruk når ein vil regulere kroppen til eit rolegare nivå. I lys av teorien, er dette med på å støtte barnet si sjølvregulering, som blir beskrive som evna til tilpassa åtferd. Barna støttast i å utvikle ein metode for å oppnå mål som kan få dei meir avslappa og konsentrerte (Størksen, 2018).

I lys av sitatet frå Eva kan ein vidare spørje seg om det er nødvendig å stadig oppnå ei slik ro for barn i barnehagen? Både Kibsgaard og Sandseter har i sin teori tatt føre seg spørsmålet om ro i barnehagen. Kven er det ein ynskjer å oppnå ei ro for? Kven er det eit mål for? (Kibsgaard & Sandseter, 2014). Barn har eit stadig behov for å få utløp for sin energi, og då kan ein vidare stille seg spørsmålet; Kan dette blir hemma dersom barnehagen stadig presenterer strategiar som skal få dei til å roe ned?

4.3.1 Magic-spot

Ein metode i deira arbeid som begge informantar uttykkjer stoltheit over, er noko dei kallar ”magic-spot”. Dette er noko alle barna har, som er deira eige tre. Line fortel korleis ho opplev at barn i ung alder ikkje har så mykje som tilhøyrar dei, og kan ofte få fortalt kva dei skal gjere og kvar dei skal gå.

«I barnehagen brukar vi ”magic-spot” som ein magisk plass barna kan gå til når dei ynskjer. Ein plass dei kan sete så lenge dei vil, og vere ein stad som er deira eigen. Dei kan roe kroppane sine, reflektere over kjensler og observere rundt seg» (Line).

Eva fortel også korleis det blir brukt i forkant av større gruppearbeid, der barna må vere fokusert, ha rolege kroppar og vere klar til å lære. Ho fortel at når barna får sete ved sin ”magic-spot” i forkant av gruppearbeid, får dei moglegheit til å roe seg, og kome til eit nivå det er lettare å fokusere i.

Drøfting:

Gjennomgåande i intervjuet tolka eg sjølvregulering som eit overordna tema, og noko som kom fram som sentralt i barnehagen sitt arbeid. Arbeidet med kjensler kan ligge til grunn for barn si evne til sjølvregulering, og vidare ein si sosiale kompetanse. I lys av teorien handlar sjølvregulering om korleis ein kan kome seg til eit nivå som er forventa og tilpassa til omgivnadane rundt ein (Shanker, 2013). Dette kan ein sjå i lys av det informantane beskriv om ”magic-spot”. Eg tolkar dette som ein stad barna kan gå til når dei sjølv kjenner behovet, og når dei treng å roe kroppen eller søkje noko som er deira eige. Det kan her sjåast som ein måte å la barna regulere egne kjensler, samt å reflektere over dei for å sjølv gjere seg meir bevisst på sine kjensler.

I lys av det Eva fortel, blir det mellom anna nemnd at dei tek i bruk ”magic-spot” i forkant av gruppearbeid, der dei ynskjer fokuserte barn som er klare til å lære. Ein kan spørje seg om det kanskje rettast eit større fokus til læring i denne barnehagen, og at dei derfor ynskjer meir fokuserte barn. Dette kan ein vidare kople til Hopfenbeck (2014) sin teori i forhold til å ha sjølvregulerte elevar inn i skulen som lettare kan fokusere under oppgåver (Hopfenbeck, 2014). Gjennom å tidleg lære barna å regulere sine kroppar, kan det gjere det lettare for dei når dei kjem inn i skulen, der det rettast større forventingar til rolege barn.

5.0 Avsluttande drøfting

Eg har gjennom arbeidet med mi bacheloroppgåve sett på funn frå ein amerikansk barnehage sin praksis. Sjølv har eg erfaringar frå, og har sett norsk barnehagepraksis i fleire settingar. Eg har ikkje eit grunnlag som tilseier at eg kan fortelje akkurat korleis det blir arbeida med kjensler på tvers av land, men eg har funn som kan vise til ulike praksisar. Som eg innleiingsvis i denne bacheloroppgåva nemnde, har eg ikkje tidlegare i norske barnehagar opplevd eit tydeleg arbeid retta mot barn sine kjensler, dette til tross for at Rammeplanen (2017) trekk den fram som ei viktigheit. Gjennom mi forskning har eg fått innsyn i eit arbeid frå eit anna land, som eg følgjande vil gå nærare inn på for å sjå det i lys på tvers av kulturar og land.

5.1 Arbeid med kjensler sett i eit kulturelt perspektiv

I intervjuet fortalte eg begge informantar om opplevinga eg sjølv hadde av amerikanarar si høflegheit og deira rolege tilpassing til andre. Eva svarte ganske klart «nei» når eg spurte om det var typisk amerikansk å vere høfleg, og spesielt i samtale med barn. Ho fortel vidare korleis ho har opplevingar frå andre barnehagar som har ei langt strengare tilnærming til barna. Line fortel korleis ho meiner dette avhenger sterkt frå miljø til miljø. Sjølv trekk begge fram at dei i sin barnehage, og elles i kvardagen i møte med andre, ser på det som svært viktig å framme respekt for alle menneske.

«Eg meiner det er viktig å ta i bruk eit reflekterande språk, der vi er rolege, legg merke til og stiller spørsmål til korleis dei kjenner seg. Det er viktig å halde språket minimalt. Når barna er i ein tilstand med sterke emosjonar, har dei mykje å ta hand om. Då kan det vere vanskeleg å skulle ta hand om ditt språk i tillegg» (Line).

I form av uttrykk for kjensler, fortel Eva at ho heller ikkje har sett ei ”typisk” form for arbeid med dette i andre amerikanske barnehagar. Line fortel korleis ho opplever eit stort mangfald med mange ulike tilnærmingar til arbeid med kjensler. Sjølv fortel ho at blir ho driven av viktigheita av å framme respekt for barn som menneske. Ho fortel vidare at ho opplev at mange ser på barn som underutvikla og ikkje er utvikla som menneske, noko ho stiller seg ueinig til. Ho understek at barn har sin eigen måte å lære på, og er like mykje menneske som alle andre er.

Drøfting:

Tidlegare forskning viser at det er ulik form for uttrykk av kjensler på tvers av kulturar og land (Fossen, 2004). Tetzchner (2012) hevdar gjennom si forskning at barn i USA får store rom for å uttrykkje kjensler i samspel med sine omsorgsgivarar (Drugli, 2018). Samtidig fortel min informant Eva at ho opplev svært ulik tilnærming til dette, basert på egne erfaringar i USA. Line uttrykkjer også at dette er variabelt frå miljø til miljø. I lys av det mine informantar fortel, tolkar eg det som at dei sjølv ynskjer at kjenslene barna uttrykkjer skal gjerast på ein så behageleg måte som mogleg. Det i støtte av sine omsorgsgivarar, og dette både for barnet sjølv, men også like mykje for dei andre som er rundt. Eg tolkar det som at dei i deira barnehage rettar eit fokus om ei roleg tilnærming til barna sine kjensler, og held språket roleg der etter. Likevel fortel Eva om erfaringar som har vore rett motsett, der det er langt strengare tilnærmingar til uttrykk for eins kjensler. Dette støttar teorien til Drugli (2018) som trekk fram at det er store forskjellar innan ulike kulturar, der i lys av eins omsorgsgivarar (Drugli, 2018).

5.2 Sjølvregulering til det beste for barnet eller dei vaksne?

Gjennomgåande i denne bacheloroppgåva og i syn av mine funn synast det som at barnehagen har eit ynskje om barn som lærer strategiar som dei sjølv kan ta i bruk i hand om sine egne kjensler. I lys av mine funn kan ein då vidare stille seg spørsmålet; Arbeidar barnehagen med eit arbeid som er til det beste for barna, eller er det til det beste for dei vaksne i barnehagen? Det synast som fokuset i stor grad rettar seg mot barn som er rolege, og som sjølv har evna og kompetansen til å regulere sine kjensler. Kor stor er denne nødvendigheita for små barn? Er det nødvendig, eller er det noko som i større grad er for dei vaksne sitt velbehag?

5.3 Oppsummerande avslutting

I forkant av mi forskning ynskja eg å setje meg nærare inn i tema om arbeid med kjensler i barnehagen. Med dette temaet som grunnlag, i tillegg mi aukande interesse for temaet etter utanlandsopphaldet, utarbeida eg problemstillinga; Kva metodar brukar ein utebarnehage i USA i sitt arbeid med barn sine kjensler?

I denne bacheloroppgåva har eg gjennom ei kvalitativ forskning sett på nettopp dette, i kontakt med ein utebarnehage i USA. Gjennom mine intervju har eg samla inn mange spennande funn

som har blitt grunnlag for vidare spennande drøfting. Eg opplev at eg har fått godt svar på mi problemstilling, då den rettar seg mot relativt konkrete svar. Gjennom mine intervju har eg fått gode og utfyllande svar rundt barenhagen sin praksis, samt grunnlaget for deira arbeid. På ei anna side er det viktig å huske at dette er ei problemstilling som berre rettar seg mot ein bestemt barnehage, og der etter ikkje kan konkludere eller fastslå korleis det blir arbeida generelt i amerikanske barnehagar med dette temaet. Det synast gjennom mine funn at barnehagen legg opp til metodar og strategiar som barna sjølv skal ta i bruk i hand om deira kjensler. I støtte av teorien blir barna her støtta på mange nivå i mellom anna deira emosjonelle, samt deira sosiale kompetanse. Barnehagen uttrykkjer eit systematisk gjennomtenkt arbeid knytt til å styrke barna si forståing for kjensler, og kva barna sjølv kan gjere for å ta hand om desse.

Gjennom mi drøfting har det dukka opp fleire spørsmål i lys av funna frå mi kvalitative forskning. Ein kan sete igjen med spørsmål om barna her set igjen med for mykje ansvar i forhold til å ha kontroll på eigne kjensler, eller om dette er ei evna som barna fint greier å ta hand om? Vidare har det dukka opp spørsmål om barnehagen si form for arbeid kan sjåast som ei form for disiplinering? På grunn av oppgåva sitt omfang og tida eg har hatt til rådighet, har det avgrensa meg i å kunne fordjupe meg vidare i desse spørsmåla. Eg tek dei derfor med meg vidare, og ser at desse kunne opna for vidare forskning i ei eventuell masteroppgåve.

Gjennom å arbeide ut frå mi problemstilling har eg reflektert og tileigna meg mange nye kunnskapar, samt kjennskap til nye arbeidsmetodar innan arbeid med kjensler i barnehagen. Eg ser desse kunnskapane som svært verdifulle, og er sikker på at desse vil styrke meg inn i min veg som framtidig barnehagelærer.

6.0 Referanseliste

- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. (5.utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk
- Drugli, M. B. (2018). Emosjonell utvikling og tilknytning. I M. B. Drugli (red.).
Utvikling, lek og læring i barnehagen. (s.49-78) Bergen: Fagbokforlaget
- Fossen, A. (2013). *Snakk med barn om følelser*. (2.utg.). Oslo: Kommuneforlaget
- Holm, U. (2005). *Empati. Å forstå menneskers følelser*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Hopfenbeck, T. N. (2014). *Strategier for læring*. Oslo: Universitetsforlaget
- Johannessen, Tufte & Christoffersen. (2010). *Hverdagskunnskap og forskning. I Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. (4.utg.). Oslo: Abstrakt forlag AS
- Kibsgaard, S. & Sandseter, E.B.H. (2014). Bevegelseslek i barnekulturen, tradisjoner og kulturelt mangfold. I T. Moser (red.). *Kroppslighet i barnehagen. Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse*. (2.utg.). (s.65-80). Oslo: Gyldendal Akademisk
- Lamer, K. (2014). *Dette vet vi om barnehagen: Sosial kompetanse*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Nyeng, F. (2006). *Følelser i filosofi, vitenskap og dagligliv*. Oslo: Abstrakt Forlag
- Rammeplan for barnehagen. Innhold og oppgaver*. (2017) Oslo: Pedlex

Shanker, S. (2013). *Calm, alert and happy*. Ontario Ministry of Education. Lasta ned frå

<http://www.edu.gov.on.ca/childcare/Shanker.pdf>

Størksen, I. (2018). Omsorg for barn ved samlivsbrudd. I M. B. Drugli (red.).

Utvikling, lek og læring i barnehagen. (s.287-300) Bergen: Fagbokforlaget

Størksen, I. (2018). Selvregulering. I M. B. Drugli (red.). *Utvikling, lek og læring i*

barnehagen. (s.189-202) Bergen: Fagbokforlaget

Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen:

Fagbokforlaget

7.0 Vedlegg

7.1 Intervjuguide

Bakgrunn

- Kva utdanning har du?
- Kor lenge har du arbeida i barnehagen?
- Erfaringar i arbeid med barn sine kjensler?
 - Oppfølging ved eventuelle interessante svar

Arbeid med kjensler

- Blir dette vektlagt i utdanninga?
- Kva fagfelt støttar de dykk til?
- Rammeplan? Seier den noko om arbeid med kjensler og sjølvregulering?

Kjensler

- Arbeidar de med kjensler i barnehagen?
- Kan du fortelje meg korleis de arbeider med dette?
- Kvifor synes du det er viktig?
- Kva tankar og teoriar ligg bak?
- Kvifor gjer dokke det?
- Kva vil du oppnå ved dette?

- Kva hjelpemiddel brukar de i arbeid med kjensler med barna?
- Kva ynskjer de med desse hjelpemiddela?
- Kvifor brukast desse hjelpemiddela?
- Blir desse hjelpemiddela brukt i kvardagen?
- Korleis medverkar barna i forhold til desse hjelpemiddela?

Spør om dei ulike områda – peacetable, magicspot

- Kvifor er dette noko de bruker?
- Kva er hensikta med dei ulike områda?

Kjensler og kultur

Er dette “typisk” Amerikansk?

- ”Eg har opplevd at De snakkar til barna på ein veldig høfleg måte, er dette noko De ser som typisk Amerikansk?”

(”Thank you for listening to your body”, ”I invite you not to do that”, etc.)

- Er dette noko som er viktig i dykkar kultur?

- Kva tenkjer du sjølv om dette?

Sjølvsregulering

- Kva legg du i ordet sjølvsregulering?

- Korleis arbeider de med sjølvsregulering i barnehagen?

Beskriv (gode beskrivingar av praksis) dykkar arbeid med kjensler og kom med eksempel

Er det noko meir du ynskjer å leggje til?

Avsluttar med å takke informant for å stille opp, og for å ta seg tid til dette. Eventuelle spørsmål eller uklarheiter i forhold til oppgåva besvarast.

Intervjuguiden blir ikkje nødvendigvis følgt slik den er satt opp. Dette baserer seg på kva informant kjem med av informasjon, og kva som vil vere naturleg å fortsette med etter spørsmåla. Det kan også kome fram ting undervegs som kan bli naturleg å spørje vidare om.

7.2 Samtykkeskjema

To

Date March 8, 2018

Request for participation in interview for my bachelor assignment

I am a student at Queen Maud University College in Norway and will now write my bachelor assignment.

I am writing a task about working with children's feelings. I have chosen to focus on a preschool in the United States and how they work on this topic. An interview with you will provide valuable material for further work on my assignment, by hearing your experiences and opinions on the theme.

Your participation in the assignment will be to participate in an interview over the Internet. In order for me to get all the information, the interview will be recorded. After the interview I will transcribe it to gather the necessary data. I am the only one who has access to the recording, and it will be deleted as soon as I have collected the information I need. You will be completely anonymous in the assignment.

You have the option to withdraw from the consent at any time if desired.

If you have any questions, please contact me at the email below.

Best regards

Ida Hollum Relling

(email address)

Trondheim, Norway

I agree to participate in interview

.....

.....

Place / date

Signature